

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



Referat frå studenttingsmøte 28.02.18

Tid 28.02.18 kl 17.00-19.30

Stad Kaarstad 202

Til stades med stemmerett: **AHL:** Lillian Gåsemyr (H) (tom. sak 46), Sara Bergland (H)
AKF: Sigmund Bratlie (H), Trym Nikolas Rimmen (H)
AMF: Marion Kristine Gustavsen (H), Tormod Malvin Sæther (H)
ASH: Alexander Økland (H), Trond-Fredrik H. Hoddevik (V)
FR: Allan Levi Melby (H), Ane Buner (H), Nikolai Bjørnevik Flisnes (V) (tom. sak 46)

Til stades utan stemmerett: **AU:** Håvard Bjørnerem (leiar), Simen Langeland, Oda Næs Skoglund (fag og forskning), Paloma Lorenzale Alonso (internasjonalt ansvarleg), Guro Kvist (fom. sak 46).

Andre: Marit Aklestad (referent), Serghei Levcenco (kontrollkomite)
Tonje Nordrum (ordstyrar)

Forfall Andrea Fremmerlid (ASH), Natalie Beitveit (FR)

Saksliste	Type sak
Sak 00 – Opprop og val av møteleiing	Vedtakssak
Sak 40 – Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedtakssak
Sak 41 – Godkjenning av referat	Vedtakssak
Sak 42 – Orienteringar	Orienteringssak
Sak 43 – Val av studentrepresentant frå SiVolda til juryen for Studentprisen 2018	Vedtakssak
Sak 44 – Val av utsendingar til NSO sitt landsmøte	Vedtakssak
Sak 45 – Resolusjon – Betre grunngjeving på eksamen	Vedtakssak
Sak 46 – Tillitsvalde i klassene	Vedtakssak
Sak 47 – Gruppearbeid – tillitsvalde	Diskusjonssak
Sak 48.1 – Eventuelt: Avdelingstruktur	Diskusjonssak
Sak 48.2 – Eventuelt: Namneendring i Studenttinget	Orienteringssak
Sak 48.3 – Eventuelt: Framtida for avdeling for kulturfag	Diskusjonssak
Møtekritikk	

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



Sak 00 – 17/18 Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Namneopprop

11 røysteføre. Studenttinget er vedtaksdyktige.

Val av møteleiing

AU innstilte på Tonje Nordrum som ordstyrar.

AU innstilte på Marit Aklestad og Serghei Levenco til teljekorps.

Vedtak:

Tonje Nordrum vart vald til ordstyrar.

Marit Aklestad og Serghei Levenco vart valde til teljekorps.

Sak 40 – 17/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Ingen merknader til innkallinga.

Merknader til sakslista: det vart meldt inn 3 eventuelsaker, og lagt inn ein pause mellom sak 44 og 45.

Vedtak:

Studenttinget godkjenner innkallinga

Studenttinget godkjenner sakslista med ovanstående merknader.

Sak 41 – 17/18 Godkjenning av referat

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Ingen merknader.

Vedtak:

Studenttinget godkjenner referatet m/ vedlegg frå sist studenttingsmøte, 31. januar 2018.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



Sak 42 – 17/18 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Arbeidsutvalet v/leiar Håvard Bjørnerem orienterte om fylgjande saker, og det var høve til å stille spørsmål:

- SHoT-undersøkinga.
- NSO månadleg oppdatering
- Orientering frå Marie Havnsund i Høgskulestyret

Skriftleg orientering frå velferdsansvarleg Guro Kvist:

Viktig: Studentlivet

Da jeg ikke har anledning til å delta på Studenttingsmøtet i dag, skriver jeg heller et lite notat til dere om hvordan vi ligger an med psykisk helse-dagen.

Torsdag 15. mars inviterer SiVolda, i samarbeid med Studenttinget i Volda, til ulike foredrag om psykisk helse på Rokken. Arrangementet starter kl. 18.00 med gratis mat, utover kvelden blir det foredrag fra både HelseSista og Adil (kjent fra Dansefeber). Avslutningsvis blir det sofasamtale om psykisk helse med studenter i fokus, og jeg tar gjerne imot innspill til hvem som kan delta i slik samtale, eller hva vi bør snakke om her. Mellom de ulike foredragene, blir det musikk fra artist fra Bergen – Sol Eriksen.

Arrangementet er gratis, og jeg håper dere i Studenttinget kan være aktivt med å få folk til å komme! Plakater og Facebook-event kommer ila kort tid.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



Sak 43 – 17/18 Val av studentrepresentant frå SiVolda til juryen for Studentprisen 2018

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Simen Langeland

Studenttinget skal velje ein studentrepresentant frå styret i Studentsamskipnaden i Volda til juryen for studentprisen 2018. Både hovudrepresentantar og vararepresentantar er valbare.

Kandidatar som kan veljast: Tormod Daae Smedsvig, Karoline Strand, Svend Andreas Aspaas, David Fiskaa, Pernille Røe og Håvard Bjørnerem.

Votering: urneval

Vedtak: Tormod Smedsvig vart vald til studentrepresentant frå SiVolda til juryen for Studentprisen 2018.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



Sak 44 – 17/18 Val av utsendingar til NSO sitt landsmøte

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Allan Levi Melby

Studenttinget skal velje utsendingar til Landsmøtet i NSO, 20.-22. april i Tønsberg. Nye delegatar deltek også på formøte 07.-08. april i Trondheim.

Det skal veljast 3 delegatar og 1 observatør.

Kandidatar som stilte til val som delegat:

Sigmund Bratlie, Marion Gustavsen, Allan Levi Melby, Trym Nikolas Rimmen.

Kandidatar som stilte til val som observatør: Håvard Bjørnerem

Kandidatane heldt ein kort valtale.

Votering: urneval

Etter første voteringsrunde meldte Trond Fredrik Hoddevik og Alexander Økland seg som varaer.

Vedtak:

Sigmund Bratlie, Marion Gustavsen og Trym Nikolas Rimmen vart valde til delegatar til landsmøtet.

1. vara: Allan Levi Melby. 2. Vara: Trond-Fredrik Hoddevik, 3. vara: Alexander Økland.

Håvard Bjørnerem vart vald til observatør.

Studenttingmøter 2017-18

Referat nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



Sak 45 – 17/18 Resolusjon: Betre grunngjeving på eksamen

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsaming: Håvard Bjørnerem

Resolusjon frå Studenttinget i Volda

Betre grunngjeving av eksamensresultat

Når ein student ber om grunngjeving av eksamensresultata, gjer den som oftast det med eit mål om å lære noko av grunngjevinga. Slik kan ein forbetre resultatet til neste gong, eller forstå kvifor ein har fått den karakteren ein har fått. Vi i Studenttinget i Volda meiner at å få vite noko om kvifor resultatet er som det er burde vere ein vesentleg del av undervisninga, spesielt sett i lys av at nokon høgskular og universitet allereie har automatisk grunngjeving på eksamen.

Problemet med dagens grunngjevingssystem er at grunngjevingane varierer veldig, frå veldig grundige til veldig diffuse eller standardiserte. Dei meir grundige tilbakemeldingane har gode svar på kvifor karakteren er sett, og av og til har dei karakter på kvar oppgåve i eksamenssvaret. Dei meir diffuse eller standardiserte svara kan kopiere den direkte definisjonen av ein karakter frå karakterskalaen, eller berre gi ei generell formulering om nivået på oppgåva. Korleis hjelp dette studentane med å lære?

Studenttinget krev at ei grunngjeving, som studenten trass alt må søke om, må vere såpass grundig at ein kan få eit læringsutbytte av det. Om det er ein grundig gjennomgang av kvar oppgåve eller ein generell gjennomgang av eksamenen, må sjåast i lys av kvar eksamensoppgåve, men når studentar aktivt må søkje om det for å få ei grunngjeving av eksamen, fortener dei ei ordentlig tilbakemelding.

Forslag til vedtak: Studenttinget vedtek resolusjonen «Betre grunngjeving av eksamensresultat

Marion Gustavsen fremja eit tilleggsforslag:

Legg inn fylgjande setning: Ei god grunngjeving gjer det også enklare for studentane å vurdere om ein bør klage på ein karakter eller ikkje.

Votering: resolusjonen og tilleggsforslaget einstemmig vedtatt

Vedtak:

Resolusjonen med tilleggsforslag vart einstemmig vedtatt

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



Sak 46 – 17/18 Tillitsvalde i klassene

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

AU har sett behov for ein gjennomgang av tillitsvald-systemet, og vil arbeide vidare med moglege alternativ for å forbetre dagens ordning. Det handlar om betre studentmedverknad. AU bed difor Studenttinget om mandat til å arbeide vidare med dette.

Forslag til vedtak:

Studenttinget gir AU i oppgåve å setje ned ei arbeidsgruppe beståande av representantar frå STiV (både AU og Studenttinget) og HVO som får mandat til å arbeide vidare med det føremålet å forbetre tillitsvald-systemet til STiV, og sjå dette i lys av HVO sine øvrige system knytt til kvalitetsarbeid ved Høgskulen.

Arbeidsgruppa får mynde til å vurdere moglege endringar i ansvar mellom HVO og STiV. Arbeidsgruppa skal rapportere til STiV, og endringsforslag skal leggjast fram for STiV for godkjenning.

Votering: vedtatt med 10 mot 1 stemme.

Vedtak:

Studenttinget gir AU i oppgåve å setje ned ei arbeidsgruppe beståande av representantar frå STiV (både AU og Studenttinget) og HVO som får mandat til å arbeide vidare med det føremålet å forbetre tillitsvald-systemet til STiV, og sjå dette i lys av HVO sine øvrige system knytt til kvalitetsarbeid ved Høgskulen.

Arbeidsgruppa får mynde til å vurdere moglege endringar i ansvar mellom HVO og STiV. Arbeidsgruppa skal rapportere til STiV, og endringsforslag skal leggjast fram for STiV for godkjenning.

Lillian Gåsemyr og Nikolai Flisnes fekk permisjon.

Studenttingmøter 2017-18

Referat nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



Sak 47 – 17/18 Gruppearbeid – tillitsvalde

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

Som fylgjer av sak 46, ynskjer AU å få innspel frå Studenttinget på korleis dagens tillitsvald-ordning fungerer og kva som kan forbetrast. Innspela frå gruppearbeidet vil bli tatt med vidare til arbeidsgruppa.

Innspel frå gruppearbeidet:

1. Kva bør vere mandatet til dei tillitsvalde? Kva er ikkje deira mandat?

- ASH: tillitsvald må vere i fagutval, kva er ein elles? Og må vere repr. i studentrådet. Tale klassens sak.
- AMF: møte på fagutval, arr. minst to klassens time i semesteret, ansvar for kommunikasjon mellom klassen og fakultetsledelsen, ta opp saker i klassen frå fagutvalet, ta opp saker som angår studentmiljøet og klassemiljøet. Kan arrangere sosiale ting. Dei tillitsvalde bør ha to kontaktpersonar i leiinga/fagutvalet. I dag er det som regel berre ein.
- AKF: mykje likt med ASH. Delta i fagutval. Burde sitje i avdelingsrådet. Betre kommunikasjon mellom tillitsvalde og avd.råd og elles leiinga på avdelinga. For å gjere ein god jobb, må du vite kva og kven du har å spele på.
- AHL: person som formidlar tilbakemeldingar frå klassen, uavhengig om ein personleg er samd eller ikkje. Teieplikt – ein å snakke med om ting knytt til studiet. Ikkje personlege ting, men faglege og studierelaterte problemstillingar.

2. Korleis kan rolla gjerast tydelegare? Kva fungerer i dag, og kva fungerer ikkje?

- ASH: trudde vår struktur var slik det var på heile skulen. Må tydelegvis gjerast tydelegare. Funkar bra med oss når det gjeld fagutvalet. Men koplinga til avdelingsråd skulle vore betre. Burde vere same person, for å få kontinuitet. Altså at vedkomande kunne veljast frå dei fire tillitsvalde/fagutvalet. Val av tillitsvalde kan bli gjennomført på ein betre måte. Lite info om rolla på førehand, ingen visste kva vi gjekk til.
- AMF: vi må ha tydeleg informasjon ved val av dei tillitsvalde. Vite kva rolla er. Også viktig at førelesarar, instituttleiinga veit kva dei skal informere om. På PR funkantar det bra, men ikkje på alle studium på AMF. God info veldig viktig.
- AKF: bør informere godt som lærar. Vite kva rolla inneber når ein skal melde seg eller stemme på nokon. Studentane må få info frå ein som kan det, som gir ei full forklaring på kva det vil seie (kan vere lærar, eller STiV). Den biten er ikkje bra nok i dag. Ei løysing kan vere å gi ein på avdelinga ansvar for alle klassene på si avdeling. Generelt fungerer dette ikkje i dag.
- AHL: informasjon om rolla frå emneansvarleg eller studieieiar må vere god. Alle klasser bør ha 1-2 klassens time ilt semesteret. Viktig for å gi tilbakemelding til tillitsvalde. I klassens time bør det vere faste spørsmål ein går igjennom om korleis det fungerer på studiet. Ikkje

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



berre snakke fritt om laust og fast. Etter at klassen har svart på spørsmåla, kan tillitsvald ta dei med tilbake til studieleiar.

3. Kva behov har dei tillitsvalde for kursing og opplæring? Bør ein ha ei form for sertifiseringsordning?

- ASH: sertifisering litt voldsomt, men ein form for introkurs er bra, vite struktur og oppgåver, rolle. Korleis HVO funkar på dei ulike nivåa som berører tillitsvaldrolla.
- AMF: bra med møte med STiV i starten av semestert, opplæring. Innføring.
- AKF: opplæring bra, god ide! Rolleforståing, handtering av saker bra. Kurs og opplæring må vere betre også til dei som gir infoen til klassene. Dei tillitsvalde må bli drilla litt meir enn no, krevjer litt meir enn å vere passiv heile året. Litt meir ansvar, krav.
- AHL: ingen behov for kursing, sertifisering, det kan ta bort lysta, men må vere tydeleg kven som har ansvar for dei tillitsvalde på dei ulike studia, slik at dei kan gje ei god innføring i rolla til dei tillitsvalde.

4. Bør rolla skiljast frå fagutavala, eller bør desse rollene og systema i større grad samkøyrast?

- ASH: tillitsvald er fagutval. Skjønar ikkje poenget dersom det ikkje er slik. Det bør vere dei same som representerer i desse foruma. Bør vere talerøret til klassen til avdelinga. Fleire kokkar meir søl. Vi har det samla, og vil fortsette med det. Bør i større grad samkøyrast.
- AMF: bør ikkje skiljast frå fagutvalet. Vi har det samla.
- AKF: samde, bør ha det samla. Og har det slik i dag.
- AHL: på lærar er det slik at du har adskilt tillitsvald og fagutval på dei ulike faga. Møtest i eitt fag, resten skilt. Ordninga slik at tillitsvald tek opp det som angår heile klassen (praksis osv) og i fagutval tek vi opp det som gjeld det enkelte faget. For at det skal fungere, må ein ha klar rollefordeling. Men dagens ordning kan forenklast. Tillitsvalde bør kanskje kunne delta på fagutvalsmøter ved behov. Det er unødvendig med vara til fagutvalet. Kan fagutval ha tillitsvald-roller? Kan det løyse noko på AHL?

5. Erfaringar med dagens fagutval? Kva fungerer og kva fungerer ikkje?

- ASH: med oss er tillitsvalde og fagutval ein ting, vi er sjølvdrivne, og derfor går det bra, fungerer godt i våre klasser.
- AMF: ønsker at fagutvalet skal kunne stille krav om tilbakemelding på saker som vert tenke opp. Må vite kva som skjer vidare med saka.
- AKF: folk veit ikkje rolla si.
- AHL: fagutval fungerer bra, kjem til rette personar.

AU tek med seg innspela i det vidare arbeidet.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



Sak 48.1 – 17/18

Eventuelt: Avdelingsstruktur

Type sak:

Diskusjonssak

Sakshandsamar:

Håvard Bjørnerem

Håvard orienterte frå møtet i dag og prosessen rundt å vurdere ein ny avdelingsstruktur på høgskulen. 4 modellar er lagt fram frå arbeidsgruppa. Alle modellane møtte motstand i møtet, men modell D fekk minst kritikk. Denne modellen slår saman kultur- og mediefag. Status quo er også diskutert, men ikkje lagt fram som ein modell.

Håvard bed Studenttinget om innspel og punkt som AU kan ta med vidare i prosessen.

Innspel frå Studenttinget:

- Studenttinget er negative til å flytte og splitte kulturfag. Det vil vere negativt for den positive utviklinga som har vore på kulturfag dei siste åra. Kulturfag og estetiske fag blir sett på som dyre fag, men det stemmer ikkje. Søkjer mykje eksterne midlar. Skaper og veks mest av alle avdelingane i Volda. Det er viktig å halde kulturfag samla som ei avdeling, og ikkje plassere avdelinga saman med vilkårlige fag ein ikkje høyrer heime saman med.
- Alle avdelingar kan samarbeide med andre fag/avdelingar uavhengig av avdelingsstruktur.
- STiV må vere tydeleg på å seie nei til ei omstrukturering for omstruktureringa si skuld. Kva skal ein vinne på ei omlegging?
- Kulturfag kom best ut av alle studentane i Volda på studiebarometeret
- I sakspapira frå arbeidsgruppa er det peika på ei rekkje utfordringar som endra avdelingsstruktur skal løyse – men gjer det det? Problema kan løysast gjennom å arbeide med det innad på avdelingane, løyser ingenting med å endre avdelingane.
- Ein uformell stemningssjekk til slutt: kor viktig er det for dykk kva avdeling de høyrer til? AHL er den avdelinga der dette er minst viktig.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



Sak 48.2 – 17/18

Eventuelt: Namneendring i Studenttinget

Type sak:

Orienteringssak

Sakshandsamar:

Simen Langeland

Simen la fram at AU har drøfta å endre namn frå Studenttinget i Volda til Studentparlamentet i Volda, og vil leggje dette fram som vedtakssak på neste studenttingsmøte.

Sak 48.3 – 17/18

Eventuelt: Framtida for avdeling for kulturfag

Type sak:

Diskusjonssak

Sakshandsamar:

Sigmund Bratlie

Sigmund Bratlie frå kulturfag la fram korleis prosessen med avdelingsstruktur har verka på studentane på kulturfag, og heldt ein appell til Studenttinget der han oppmoda om å gå imot omlegginga. Studentane kjenner seg oversett og har ikkje fått god nok info om saka. Dei kjem til å ha eit allmøte for studentane saman med avdelingsrådet og protestere dersom ein av dei 4 modellane vert føreslått vedtatt.

Møteslutt kl 19.30

Marit Aklestad, referent